

SMAÅ GLIMT FRÅ STORT LAND!

New York — som eit flimrande inferno av ljós, bilar og ovstore bygningar langt der nede. Ein skjerande kontrast til einsame, kveldsblå isvidder på Labrador-halvøya og New Foundland berre eit par små timer tidlegare. Så kvelvar sola seg ned i det ureine luft-havet før ho såkk i bylgjelandet ute i vest. Vi er nede.

— Been here before? spør den amerikanske læraren ved sia av meg.

— No sir —

— Well, you're gonna be disappointed!

Amerika byr deg velkommen. November 1974.

I Washington står varmen dirrande mellom murbygningane og parkane kler seg i haust. Det er godt å smette inn i den kjolege roa på Smithsonian. I to heile dagar ruslar eg rundt i dette som skal vera ei av verdas beste mineral-samlingar. Det utstillingslokale som er øpe for publikum er mindre enn på Tøyen, og det er sjeldan meir enn ei prove av kvart mineral. Her ligg Hope-diamanten i safe med skotskert glass, her er raud og grøne desimeterstore turmaliner fra California, beryllar i mange fargar fra Brasil og kvartsgruppe på 2 x 2 meter fra Arkansas. Og midt opp i dette reknar eg 17 norske prøver!

Berre 150 000 \$ pr. år har museet til innkjøp. I staden baserer dei seg sterkt på bytting. Og alle dei nye prøvane er samla i ein kjempemonter inne på kontoret. Her står dei representerte, alle dei fantasifunn vi har lese om i fagblada! Og bak der att, eit glimrande reolsystem — stort! «Our aim is to get samples from all major mineral localities in the world!» Eg stupar ned i skufene for å sjå om dei vantar noko frå Noreg!

Så dreg vi vestover. Fyrste stopp i Kentucky hjå ein mann eg hadde bytt stein med: «We would like you to come and stay with us.» David er pensjonist og driv berre med stein nå, han har 1600 mineral i samlinga si. Stadig finn han på noko morro med oss.— He never gets grown up... seier Elisabeth. Og

framleis sit dei tett ihop i forsetet når vi er ute på tur oppover langs Mississippi...

El Paso ligg på grensa til Mexico, og i denne byen, som er litt mindre enn Oslo, er det 6—7 større mineralhandlarar. Elegante bustadstrøk strekkjer seg opp mot oskegrå sukkertoppar. Og utanfor der att — halvøren med sagebrush så langt auga rekkt. Det er eit hardt land dette, hardt klima, hardt forretningssliv! Svøm, eller såkk — sa dei før. Men i kontrast til dette står varmen til menneska vi møter. Med vår beskjedne kapital tente ikkje mineralhandlarene stort på oss. Likevel tek dei oss med til Juarez i Mexico, spanderer middag på oss og køyrer oss vidare til neste mann. Fritt får eg rote gjennom boksane dei- ra — eit einsamt utval av mineral frå mexikanske og amerikanske gruver.

Omsider dreg vi vidare — i leigd bil. I 14 dagar skal vi vera våre eigne herrar gjennom Texas, New Mexico, Arizona og Utah. Og slettelandet helsar oss med sagebrush og snorrette vegar, himmel og jord går i eitt langt der ute. Men snart stikk fjella opp som øyer i brun-grønt hav, og med lange mellomrom bur her menneske i parkerte campingvognar og små, skitne byar.

Carlstad Caverns — White Sands — Petrified forest — Painted Desert — Grand Canyon står det på skilta bak oss. Og kvar dag møter oss høg og blå med nye bitar av dette enorme landet. Vi stoppar ved utturka elvefar og høge vegskjeringar og finn agat-obsidian og forsteina tre. Men kvar gong vi nærmar oss ei spennande mineralforekomst gaper skilt mot oss med «Privat property — no trespassing!» Finn du eigaren, får du truleg lov, men dette har vi inga tid til. Derfor blir det med ei litiumsforekomst og eit par gamle gruver i New Mexico.

I Arizona og Utah såg vi korleis mineralhandlarar dreiv ei voldsom rovdrift. Fyrst vart skog og busker brent, så gjekk ein laus med bulldozer og fjerna opp til 10 meter med leire for å koma ned på laget som førde septariars, for-

steina tre eller agat. At dette kunne vera lovleg i eit slikt tørt klima virkar utruleg på oss.

Nasjonalparkar var sjølvsagt (liksom indianerreservata) freda mot all plukking. Her kunne ein i staden studere geologi som i ei open lærebok. Zion med si kryss-bedding og elveerosjon, Grand Canyon med sine enorme dimensjonar. Instruktive skilt og brosjyrer fanst over alt, rangeraar svara viljug på alle spørsmål. Og tok ein av frå asfalten og inn på små «lortvegar» kunne ein finne idyllar som Old Paria der fjellvegane veksla i raudt og lilla og leiregrønt og hissige regnversbekkar skar seg ned i bratte elvedalar...

Opp mot Salt Lake City slepte godveret oss ein dag og brått lava snøen ned. Milevis frå folk køyrdi vi oss fast i søla ved nokre gamle kvikksølvgruver. Da vi tok til å frykte for å måtte overvintrer der sleit vi oss laus og nådde solnedgangen over Salt Lakes grådisige sletter.

Ein slektning av meg er gruvegeolog ved Anaconda. Han tok oss med til Bingham, verdens største opne koppargruve der ein også tek ut veldig mange molybden (impregmasjonsmalm). Frå toppen kikka vi forskremde ned i krateret der tre store tog sirkla rundt på pallene og tok malmen med uteljande lastebilar summa som siste kveks ut med gråberget. 6 000 mann arbeidde der, frå breidd til breidd var det snart 2 km.

A plukka noko her var vonlaust. I staden tok Jim oss med til Park City, Anacondas nye gruve i 3 000 m høgde. Her saug vi oss på ein lovande malmhaug og plukka tetrahedritt, sinkblende og mykke anna.

Elles set Anaconda nå i gang drift på ei forunderleg, truleg eruptiv beryllium-

forekomst nær Topaz Mountain. Malmen er eit kvitt Be-mineral som ennå ikkje er bestemt, beryl, fluu-spat, topaz (i gode, vassklare krystallar), pseudobrovkitt osv... Snøen snytte oss for å koma dit, så vi har ein god grunn til å koma att...

Tung av stein stiltra eg meg inn på flyet. «OK — I don't bother — it's empty plane,» sa vektmannen i Seattle, og dermed gjekk mineralane mine over eit nattemørkt Nordpolssområde. På Fornebu stirde tollaren uforstående ned i sekken min: «Åsså drasse Stein til Norge, da,» sa han ...

*

Å samle mineralar i USA var vesentleg ulikt her. Enorme avstandar og strikse eigedomslovar gjer det vanskeleg å koma til dei artige forekomstane, med agat, forsteina tre og obsidian finst mest over alt vestover. I staden er mineralhandlaren ein sentral person. Vestover finn du han i kvar einaste småby og ofte langt frå folk, ved ei verdi-full forekomst. Bakgarden sin har han full av agat og forsteina tre, mineralar er det ofte meir tilfeldig med. Her kan du rusle inn for å kjøpe litt småterri, slå av ein prat og få nyttige tips om forekomster i nærlieiken.

Nokre stader betalar du nokre kroner for å kome inn, og du vil der mest alltid finne noko: Agat, safir, kvartskrystallar, diamant — for å nemne nokre få. Ein del forekomster er spesielt verdi fulle, og er stengde for publikum, t. d. Kelly Mine: Smithsonite; Bennet Mine: Wulfenitt. Samarbeidet mineralhandlarar/museum kjerner eg lite til, men eg merka ingen stad nokon uvilje dei imellom!

Torgeir T. Garmo

Spesialitet: Gull og edle stener



Telefon 26 342 - Rådhusgt. 5 - Kristiansand S. - Norway